

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 01.12.16

Vår ref. 1275/16/BSI/5.7.1.0

Dykkar ref.:

Fiskeridirektoratet region Vest (ref. 16/14675)
v/ Britt Støylen

Radøy kommune

e-mail

RADØY, SKJELAVIK – SØKNAD OM GODKJENNING AV EKSISTERENDE SJØLDEDNING 99/141.

Viser til brev av 17.11.16 med vedlegg, frå Fiskeridirektoratet region Vest vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer m.m.),
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar.



Skjelavik

Det er, på Fiskeridirektoratet si nettside, registrert gyteområde i/ved omsøkt sjøleidning.

I høve sakspapira blir det her søkt om godkjenning for eksisterande leidning for at andre, 99/50, skal kunne koble seg til.

Omtalte leidning er ikkje omsøkt, og gjeve løyve til tidlegare.

Fiskarlaget Vest meiner på generelt grunnlag at det ikkje er greit at ein først «tar seg til rette» for så å søkje om tiltak etter at det er gjennomført.

Ein vil minne om at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde, fiskeområde og all vår havbruksverksemd ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive fjordar, noko som er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Sjømatnæringa er avhengig av reine sjøområdet, og ein forutset at det blir stilt strenge reinsekrav for utslepp til sjø, spesielt når utsleppet skjer i eit gytefelt.

Det er òg viktig at ein ser eit større område under eitt når ein vurderer løyve til utslepp.

Ein finn, under føresetnad av at ovannemnde er fulgt ikkje å gå i mot dispensasjonssøknaden.

Ein føreset at det er nytta fester for leidninga som ikkje fiskereiskap heftar i.

Fiskarane fråskriv seg alt ansvar om ein under fiske ved ei uthell skulle setje fast reiskap i kabelen.

Med helsing


Fiskarlaget Vest




Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland

Radøy, Skjelavik



Målestokk: 1:30 564



Målestokk: 1:1 000

500000-000 000764b3-b30e-4735-0f60-5645a3cfe3e 5